

26. juni 2014

Hordaland fylkeskommune
PB 7900
5020 Bergen

Sendt: hfk@hfk.no

Finansiering av selskapet 2014 og 2015-17. Søknad om støtte.

Med bakgrunn i tidlegare drøfting i selskapet, kontakt med Hordaland FK og etter avtale med styret blir Hordaland fylkeskommune søkt om økonomisk tilskot til drifta av selskapet for 2014 og for perioden 2015-17. Søknaden blir sendt med bakgrunn i Vegvesenet sine avklaringar om vidare framdrift av planprosessen.

Det blir søkt om følgjande beløp:

For 2014:	75.000 kr (tilsvarande kostnaden for renteberande lån i HFK)
For kvart av åra 2015-17:	130.000 kr (tilsvarande HFK sin del av aksjane)

Det er lagt ved notat med budsjettoppstillingar, referat frå møte 6. mai med HFK og SVV og årsmelding og rekneskap 2013 for selskapet.

Vi står til rådvelde for evt meir informasjon.

Med vennleg helsing
Odda vegfinans AS



Børge Skårdal, dagleg leiar
97037989; firmapost@oddavegfinans.no

Odda vegfinans AS

NOTAT 26. JUNI 2014.

Finansiering av selskapet.

Ferdigstilling av planane for prosjektet på Haukelifjell har tatt svært lang tid og den totale tidsbruken er ikkje akseptabel. Selskapet (Odda vegfinans AS) har likevel med stor sannsynlighet vore eit heilt nødvendig verktøy for å kome der vi er nå.

Før det blir sett i verk bompengainnkrevning for prosjektet på Haukelifjell må selskapet finne andre måtar å finansiere drift og finansutgifter på. Rekneskapen for 2013 syner eit underskot og det kan bli eit tilsvarende underskot i inneverande år. For drift etter 2014 er selskapet utan inntekter.

For å avklare framtidig driftsgrunnlag for selskapet har ein del aktivitetar vore gjennomført dei siste månadane. Her blir spesielt nemnt:

- a. Møte med Hordaland FK og Statens vegvesen den 6. mai. Referat er lagt ved.
- b. Etterfølgjande kontakt med SVV, spesielt Arnfinn Ansok, som har resultert i ein tentativ framdriftsplan som er tatt inn på neste side i dette dokumentet.

I framdrifta blir det skissert mulighet for Stortings-behandling i 2017. Med bakgrunn i dette og konklusjonen frå møtet 6. mai, bør selskapet søke finansiering for perioden 2015-2017 (3 år). Dessutan vil det vere ynskjeleg med oppdekking av manglande finansiering for 2014, tilsvarende om lag selskapet sine kapitalutgifter.

Det er laga ei budsjettsskisse for 2015-17, basert på nøktern drift og nåverande rentesatsar.

Mitt forslag til finansiering er følgjande:

- a. Hordaland FK dekker ein del som tilsvarende relativ aksjebeholdning (130 av 250 aksjar).
- b. Odda kommune, som vertskommune, dekker ein vesentleg del av utgiftene.
- c. E134 Haukelivegen AS dekker ein mindre del (Har dekkja all drift i 2013-2014 med midlar frå kommunane i Vest-Telemark).


Budsjettsskissa er tatt inn på siste side i notatet.

Med helsing
Børge Skårdal, dagleg leiar
bs@vtnu.no | 97037989

Før finansieringsavklaring:

Ny E134 over Haukelifjell (Vågsli – Seljestad)


Tiltak	2014												2015											
	Mai	Jun	Jul	Aug	Sep	Okt	Nov	Des	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	Sep	Okt	Nov	Des				
Avklaring Riksantikvar	[Orange]																							
Avklaring standardval med videre	[Orange]																							
Analyse av trafikkgrunnlag	[Orange]																							
Reguleringsplanfase fram til stadfesta plan	[Orange]												[Green]											
Utarbeing av utkast til bompengesøknad									[Orange]															
Kostnadsoverslag (ANSLAG)																								
Justere trafikkgrunnlag og bompengesøknad																								
Avklaring om finansiering og innspill til NTP																								
Kvalitetssikring av faglig grunnlag i V.dir.																								
Lokalpolitisk handsaming																								
Fylkeskommunal handsaming																								
Utarbeing av utkast til prop.																								
Ekstern kvalitetssikring – KS2																								
Handsaming i Samferdselsdepartementet																								
Handsaming i Stortinget																								



Etter finansieringsavklaring:

Ny E134 over Haukelifjell (Vågsli – Seljestad)

Tiltak	2015				ÅR 1												ÅR 2											
	Sep	Okt	Nov	Des	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12
Avklaring Riksantikvar																												
Avklaring standardval med videre																												
Analyse av trafikkgrunnlag																												
Reguleringsplanfase fram til stadfesta plan																												
Utarbeing av utkast til bompengesøknad																												
Kostnadsoverslag (ANSLAG)																												
Justere trafikkgrunnlag og bompengesøknad																												
Avklaring om finansiering og innspill til NTP																												
Kvalitetssikring av faglig grunnlag i V.dir.																												
Lokalpolitisk handsaming																												
Fylkeskommunal handsaming																												
Utarbeing av utkast til prop.																												
Ekstern kvalitetssikring – KS2																												
Handsaming i Samferdselsdepartementet																												
Handsaming i Stortinget																												



Odda vegfinans AS

Budsjettskisse 2015-2017

	2 015	2 016	2 017
Inntekter			
Tilskot frå Hordaland FK	130 000	130 000	130 000
Tilskot frå Odda kommune	100 000	100 000	100 000
Tilskot frå øvrige aksjonærar			
Andre tilskot	20 000	20 000	20 000
SUM INNTEKTER	250 000	250 000	250 000
Utgifter			
Møte- og reiseutgifter	10 000	10 000	10 000
Godtgjering dagleg leiar løn og arb.g.avgift	100 000	100 000	100 000
Utgifter styret (honorar og tapt arb.fortjeneste)	50 000	50 000	50 000
Rekneskap, revisjon og diverse	15 000	15 000	15 000
SUM DRIFTSUTGIFTER	175 000	175 000	175 000
Kapitalkostnader	75 000	75 000	75 000
SUM UTGIFTER	250 000	250 000	250 000
RESULTAT	-	-	-

Odda vegfinans AS	
Budsjett 2014	
	Budsjett 2014
Inntekter	
Tilskot frå AS Haukelivegen	160 000
Evt. andre tilskot og bidrag	
Renteinntekter	
SUM INNTEKTER	160 000
Utgifter	
Møte- og reiseutgifter	10 000
Godtgjering dagleg leiar løn og arb.g.avgift	83 000
Utgifter styret (honorar og tapt arb.forteneste)	50 000
Rekneskap, revisjon og diverse	15 000
SUM DRIFTSUTGIFTER	158 000
Kapitalkostnader	75 000
SUM UTGIFTER	233 000
RESULTAT	-73 000

Møtereferat

Dato: 06.05.2014

Til stades:	Børge Skårdal (Odda Vegfinans AS), Agnar Aarskog (Odda Vegfinans AS), Eivind Tokheim (Odda kommune, utvalsleiar), Arnfinn Ansok (SVV), Kristian Bauge (SVV), Helge Sandvik (SVV), Håkon Rasmussen (HFK), Thorbjørn Aarethun (HFK), Bjørn Inge Midtgård (HFK).		
Forfall:	-		
Emne:	E134 Haukeli - referat frå informasjon- og drøftingsmøte	Sak:	2014/ 16034-1
Møtetid:	5.5.2014 kl. 14.00 – 16.00	Møtestad:	Fylkeshuset, rom 826

Referent: Bjørn Inge Midtgård

Møtet kom i stand på initiativ frå Odda Vegfinans AS.

1.Framdrift

Børge Skårdal orienterte om status for arbeidet med nye tunellar på E134 over Haukelifjell mellom Vågslid i Telemark og Seljestad i Hordaland. KVU/KS1 for E134 Haukelifjell vart handsama av regjeringa i 2011. Kommunedelplanen vart godkjent i kommunane Vinje og Odda i 2008. Det er langt på veg utarbeida reguleringsplanar (Seljestad – Liamyrane, Liamyrane –Vågsli) for prosjektet, men to viktige avklaringar gjenstår: 1) På delar av vegen er traseen freda – lineføring, profil og Vågslitunnelen 2) Kva standard skal vegen ha i høve til vegbredde. Arbeidet har drege ut i tid og Skårdal etterlyste raskare framdrift.

Arnfinn Ansok viste til at SVV no er i dialog med Riksantikvaren. Det er planar om å byggja ny veg utan rekkverk ved den freda vegen og nytta den freda vegen som fresefelt. SVV og Riksantikvaren skal seinare i denne månaden avklara kva tiltak som er mogleg å gjera - som ikkje bryt med fredinga.

SVV Region vest og Vegdirektoratet drøftar no kva bredde vegen skal ha. SVV ønskjer 10,5 bredde for veg/tunnel med 1 meter sinusoppmerking (midtfelt). Ein vil leggja til rette for tunelløp 2, som kan byggjast med 9,5 meter bredde om trafikken vert over 4000 ÅDT. Det er ei målsetjing at standardkrava skal fastsetjast før september 2014. Ein legg då opp til å vedta reguleringsplanane i 2015.

2.Finansiering og bompengesøknad

Fylkestinget i Hordaland har bedt om at prosjektet må planleggjast i 2015 og ferdigstillast i løpet av planperioden. Kostnadsoverslaget er på 6,5 mrd. kr. – statleg del 5,5 mrd. kr.- og bompengar 1 mrd. kr. Første byggetrinn (strekninga Seljestad- Vågsli) er kostnadsrekna til 3,5 mrd. kr. Haukelitunnelane er lagt inn med startløyving på 650 mill.kr. i perioden 2018 – 2023 i SVV sitt Handlingspogram 2014 – 2017(23). Det er 100 mill. mindre enn i høyringsutkastet.

Parallelt med høyringa av reguleringsplanane kan det utbeidast ein bompengesøknad. Helge Sandvik sa at SVV var villige til å hjelpa Odda Vegfinans AS i dette arbeidet – i første omgang med å utarbeida eit trafikknotat. Selskapet kan også eventuelt hyra inn konsulenthjelp for å utarbeida ein søknad. Sidan prosjektet ikkje er fullfinansiert i noverande NTP, vil ein nærmast ferdig bompengesøknad i 2015 vera eit svært nyttig dokument for å «selja inn» prosjektet for Regjeringa og Stortinget - eit prosjekt klart for projektering, men som manglar fullfinansiering. Bompengesøknaden vil også kunna nyttast i høve til rulleringa av NTP i 2018.

3.Odda Vegfinans AS

Odda Vegfinans AS betalte i 2012 ut 2,5 mill. kr til Statens vegvesen som forskottering av planleggingsutgifter knytt til E134 Haukelifjell. Utbetalinga vart finansiert med tilsvarande låneopptak i Hordaland fylkeskommune. Når bompengeneinnkrevinga kjem i gong, vil inntektene frå denne dekkja inn desse utgiftene. I mellomtida må selskapet sørge for midlar til finansiering av drift etter 2014 og dekning av kapitalutgiftene. Odda vegfinans AS vart i møtetoppfordra av HFK til å søka eigarane om driftsstøtte.

Årsmelding for 2013.

Innleiing.

Odda vegfinans AS blei stifta 30. november 2010. Føremålet til selskapet er definert i §3 i vedtektene og lyder slik:

Selskapet sitt føremål er å stå føre delfinansiering av planlegging og bygging av ny veg og ny tunnelloysing for E134 innafør planområdet som er definert i vedtektene kommunedelplanar for Odda og Vinje kommunar frå 2008, og å bidra til rask og god realisering av prosjektet. Selskapet har ikkje erverv som føremål.

Arbeidet i perioden.

Det er halde 5 styremøte i 2013.

Saker som det er arbeidd med:

- Årsoppgjer og generalforsamling inkl. saksførebuing
- Prosjektdrøfting og -oppdatering
- Finansiering og økonomi
- Vurdering/berekning av bompengepotensialet

Styrelisar har blitt invitert til å vere observatør på styremøta til E134 Haukelivegen AS. Saman med E134 Haukelivegen AS har styrelisar og dagleg leiar hatt møte med Samf.dep. v/ statssekretær Bård Hoksrud.

Forskottering av planleggingsutgifter.

I tråd med inngåtte avtaler er det betalt ut 2,5 mill kr til Statens vegvesen som forskottering av planleggingsutgifter knytt til E134 Haukelifjell. Utbetalinga er finansiert med tilsvarande låneopptak i Hordaland fylkeskommune. Desse transaksjonane blei gjort i desember 2012.

Når bompengerekruteringa kjem i gong, vil inntektene frå denne dekke inn desse utgiftene. Selskapet må i 2014 arbeide med finansiering av drift etter 2014 og dekning av kapitalutgiftene.

Status planarbeid.

Det har dessverre dratt ut i tid å få fram reguleringsplanar til kommunal handsaming etter plan- og bygningslova. Situasjonen har vore fastlåst i lengre tid og skuldast etter styret si meining manglande interesse i Vegdirektoratet for å finne ei løysing oppe på fjellet som tar nok omsyn til dei utfordrande forholda vinterstid.

Aksjonærforhold.

Selskapet har 13 aksjonærer. Dette er:

Aksjonær	Aksjetal	Pålydande	SUM
Hordaland fylkeskommune	130	1 000	130 000
Odda kommune	10	1 000	10 000
Vinje kommune	10	1 000	10 000
Seljord kommune	10	1 000	10 000
Vindafjord kommune	10	1 000	10 000
Etne kommune	10	1 000	10 000
Ullensvang herad	10	1 000	10 000
Haugesund kommune	10	1 000	10 000
Tysvær kommune	10	1 000	10 000
Tokke kommune	10	1 000	10 000
Jondal kommune	10	1 000	10 000
Kviteseid kommune	10	1 000	10 000
Kvinnherad kommune	10	1 000	10 000
TOTALT	250	1 000	250 000

Styre og administrasjon.

Styremedlem:

Elisabeth Eide Tharaldsen, leiar

Einar Lutro, styremedlem

John Opdal, styremedlem

Solveig Sundbø Abrahamsen, styremedlem

Agnar Aarskog, styremedlem

Personleg varamedlem:

Aslaug Hellesøy

Anne Marit Buer

Elisabeth W. Hauge

Arne Vinje

Jostein Ljones

Det er utbetalt styrehonorar i samsvar med vedtak på generalforsamlinga i 2013. Selskapet har tilsett dagleg leiar i deltid på ei tidsavgrensa (to år) avtale. Det er i 2013 utbetalt 75.000 kr i løn til dagleg leiar.

Andre forhold.

- Selskapet har i 2013 fått utbetalt tilskot frå Haukelivegen AS til dekning av driftsutgiftene.
- Selskapet sitt årsresultat er eit underskot på kr. 56.653 som ein foreslår blir dekt slik:
Ført mot annan eigenkapital: 9.901kr
Overført til udekka tap: 46.752 kr
- Føresetnaden om fortsatt drift er til stades, og rekneskapen for 2013 er gjort opp under denne føresetnaden. Selskapet er innvilga skattefritak.
- Selskapet har ingen aktivitet som ureinar det ytre miljøet.
- Selskapet sin revisor er Odda Revisjon AS v/ Nils Magnus Berge, revisornummer 997 726 316.

Styret kjenner elles ikkje til forhold av betydning for vurderinga av selskapet si stilling og resultat, og som ikkje kjem fram av rekneskapen. Grunnlaget for framhald av drifta er etter styret sitt syn til stades. Det har etter utløpet av rekneskapsåret ikkje oppstade forhold som etter styret sitt syn har betydning for vurderinga av årsrekneskapen.

Odda, 4. februar 2014,


Elisabeth Eide Tharaldsen
Styreleiar


Einar Lutro
Styremedlem


John Opdal
Styremedlem


Solveig Sundbø Abrahamsen
Styremedlem


Agnar Aarskog
Styremedlem


Børge Skårdal
Dagleg leiar

Årsregnskap

Odda Vegfinans AS

2013

Resultatregnskap

ODDA VEGFINANS AS

	Note	2013	2012
DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSUTGIFTER			
Andre driftsinntekter	2	150 000	75 000
Sum driftsinntekter		150 000	75 000
Lønnskostnad	3	129 402	59 724
Annen driftskostnad	3	0	44
Sum driftskostnader		129 402	59 768
Driftsresultat		20 598	15 232
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Annen renteinntekt		4 499	2 523
Annen rentekostnad	9	81 750	8 439
Netto finansresultat		-77 251	-5 916
Ordinært resultat før skattekostnad		-56 653	9 316
Skattekostnad på ordinært resultat	1	0	0
Ordinært resultat		-56 653	9 316
Årsresultat		-56 653	9 316
Overføringer			
Overført annen egenkapital		0	9 316
Overført fra annen egenkapital		-9 901	0
Overført til udekket tap		-46 752	0
Sum overføringer		-56 653	9 316

Balanse

ODDA VEGFINANS AS

	Note	2013	2012
EIENDELER			
Anleggsmidler			
Finansielle anleggsmidler			
Andre langsiktige fordringer	4	<u>2 500 000</u>	<u>2 500 000</u>
Sum finansielle anleggsmidler		<u>2 500 000</u>	<u>2 500 000</u>
Sum anleggsmidler		<u>2 500 000</u>	<u>2 500 000</u>
Omløpsmidler			
Fordringer			
Andre fordringer	5	<u>75 000</u>	<u>0</u>
Sum fordringer		<u>75 000</u>	<u>0</u>
Bankinnskudd, kontanter o.l.	6	209 998	268 340
Sum omløpsmidler		<u>284 998</u>	<u>268 340</u>
Sum eiendeler		<u>2 784 998</u>	<u>2 768 340</u>

Balanse


ODDA VEGFINANS AS

	Note	2013	2012
EGENKAPITAL OG GJELD			
Egenkapital			
Innskutt egenkapital			
Selskapskapital	7,8	250 000	250 000
Sum innskutt egenkapital		<u>250 000</u>	<u>250 000</u>
Opptjent egenkapital			
Udekket tap	8	-46 752	0
Annen egenkapital	8	0	9 901
Sum opptjent egenkapital		<u>-46 752</u>	<u>9 901</u>
Sum egenkapital	8	<u>203 248</u>	<u>259 901</u>
Gjeld			
Annen langsiktig gjeld			
Øvrig langsiktig gjeld	9	<u>2 500 000</u>	<u>2 500 000</u>
Sum annen langsiktig gjeld		<u>2 500 000</u>	<u>2 500 000</u>
Kortsiktig gjeld			
Annen kortsiktig gjeld	9	81 750	8 439
Sum kortsiktig gjeld		<u>81 750</u>	<u>8 439</u>
Sum gjeld		<u>2 581 750</u>	<u>2 508 439</u>
Sum egenkapital og gjeld		<u>2 784 998</u>	<u>2 768 340</u>

Odda, 31.12.2013/04.02.2014
Styret for ODDA VEGFINANS AS


Elisabeth Eide Tharaldsen
Styreleiar


Einar Lutro
Styremedlem


John Opdal
Styremedlem


Solveig Sundbø Abrahamsen
Styremedlem


Agnar Aarskog
Styremedlem


Børge Skårdal
Dagleg leiar

Odda Vegfinans AS

Noter til regnskapet 2013

Note 1 Regnskapsprinsipper

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven av 1998 og god regnskapsskikk for små foretak.

Hovedregel for vurdering og klassifisering av eiendeler og gjeld

Eiendeler bestemt til varig eie eller bruk er klassifisert som anleggsmidler. Andre eiendeler er klassifisert som omløpsmidler. Fordringer som skal tilbakebetales innen et år er klassifisert som omløpsmidler. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarende kriterier lagt til grunn.

Omløpsmidler vurderes til laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi.

Anleggsmidler vurderes til anskaffelseskost, men nedskrives til gjenvinnbart beløp dersom dette er lavere enn bokført verdi, og verdifallet forventes ikke å være forbigående. Anleggsmidler med begrenset økonomisk levetid avskrives planmessig.

Bankinnskudd, kontanter og lignende

Bankinnskudd, kontanter ol. inkluderer kontanter, bankinnskudd og andre betalingsmidler med forfallsdato som er kortere enn tre måneder fra anskaffelse.

Inntekter

Inntekt ved varesalg regnskapsføres når den er opptjent, altså når både risiko og kontroll i hovedsak er overført til kunden. Dette vil normalt være tilfellet når varen er levert til kunden. Ved tjenestesalg regnskapsføres inntekt når den er opptjent, altså når krav på vederlag oppstår. Dette skjer når tjenesten ytes, i takt med at arbeidet utføres. Inntektene regnskapsføres med verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet.

Kostnader

Kostnader regnskapsføres som hovedregel i samme periode som tilhørende inntekt. I de tilfeller det ikke er en klar sammenheng mellom utgifter og inntekter fastsettes fordelingen etter skjønnsmessige kriterier. Øvrige unntak fra sammenstillingsprinsippet er angitt der det er aktuelt.

Skatter

Selskapet er fritatt for skatteplikt etter skatteloven § 2-32 første ledd.

Endring av regnskapsprinsipp, regnskapsår og sammenligningstall

Det har ikke vært endring av regnskapsprinsipper i løpet av regnskapsåret.

Note 2 Andre driftsinntekter

Andre driftsinntekter består i sin helhet av driftstilskudd fra E134 Haukelivegen AS.

Odda Vegfinans AS

Noter til regnskapet 2013

Note 3 Lønnskostnader, antall ansatte, godtgjørelser, lån til ansatte mm

Lønnskostnad	2013	2012
Lønn	75 000	0
Styrehonorar	42 000	54 000
Arbeidsgiveravgift	12 402	5 724
Pensjonskostnader	0	0
Andre lønnsrelaterte ytelser/prosjektført	0	0
Sum	129 402	59 724

Foretaket har ansatt daglig leder i deltidsstilling i 2013.

Foretaket er ikke pliktig til å ha tjenstepensjonsordning etter lov om obligatorisk tjenstepensjon, og har derfor ingen pensjonsordning.

Ytelser til ledende ansatte

Det er utbetalt kr 75.000 i lønn til daglig leder i 2013. Det er ikke utbetalt annen godtgjørelse utover dette og styrehonorar til ledende ansatte i 2013.

Revisor

Godtgjørelse til revisor for ordinær revisjon utgjør i 2013 kr 3.675 inkl mva. Godtgjørelse for andre tjenester utgjør kr 7.350 inkl. mva. Godtgjørelse til revisor er ikke belastet selskapets regnskap, da den er betalt av E134 Haukelivegen AS.

Note 4 Andre langsiktige fordringer

Andre langsiktige fordringer består i sin helhet av forskotterte midler til Statens Vegvesen til utarbeiding av reguleringsplaner for E134 Haukelitunnelane.

Note 5 Andre fordringer

Andre fordringer består i sin helhet av tilskudd fra E134 Haukelivegen AS. Tilskuddet gjelder 2013 men blir utbetalt i 2014.

Note 6 Bundne bankinnskudd

Av bankinnskudd utgjør bundne skattetreksmidler kr 7.

Note 7 Aksjekapital og aksjonærinformasjon

Aksjekapitalen i selskapet består av en aksjeklasse.

Aksjekapital	Antall	Pålydende verdi	Bokført verdi
Aksjer	250	1 000	250 000

Alle aksjene tilhører samme aksjeklasse og gir samme rettighet i selskapet.

Odda Vegfinans AS

Noter til regnskapet 2013

Note 7 (fortsetter)

Aksjonær	Aksjer	Eierandel
Hordaland fylkeskommune	130	52,0 %
Odda kommune	10	4,0 %
Vinje kommune	10	4,0 %
Seljord kommune	10	4,0 %
Vindafjord kommune	10	4,0 %
Etne kommune	10	4,0 %
Ullensvang kommune	10	4,0 %
Haugesund kommune	10	4,0 %
Tysvær kommune	10	4,0 %
Tokke kommune	10	4,0 %
Jondal kommune	10	4,0 %
Kvitseid kommune	10	4,0 %
Kvinnherad kommune	10	4,0 %
Totalt antall aksjer	250	100,0 %

Note 8 Egenkapital

	Aksje- kapital	Annen egenkapital	Udekket tap	Sum
Egenkapital pr 01.01	250 000	9 901	0	259 901
Årets endring:				
Årets resultat		-9 901	-46 752	-56 653
Egenkapital pr 31.12	250 000	0	-46 752	203 248

Note 9 Langsiktig gjeld, pantstillelser og garantier mv.

Øvrig langsiktig gjeld	2013	2012
Langsiktig gjeld til Hordaland fylkeskommune	2 500 000	2 500 000
Sum øvrig langsiktig gjeld	2 500 000	2 500 000

Det er ikke stilt noen form for sikkerhet for lånet. Lånet skal tilbakebetales kort tid etter at bompengeneinnkrevningen for anlegget er satt i drift.

Påløpte rentekostnader på lån fra Hordaland fylkeskommune utgjør for 2013 kr 81.750.

Til Generalforsamlingen i
Odda Vegfinans AS

REVISORS BERETNING

Uttalelse om årsregnskapet

Vi har revidert årsregnskapet for Odda Vegfinans AS som viser et underskudd på kr 56 653. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2013, resultatregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne datoen, og en beskrivelse av vesentlige anvendte regnskapsprinsipper og andre noteopplysninger.

Styret og daglig leders ansvar for årsregnskapet

Styret og daglig leder er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge, og for slik intern kontroll som styret og daglig leder finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

Revisors oppgaver og plikter

Vår oppgave er å gi uttrykk for en mening om dette årsregnskapet på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krever at vi etterlever etiske krav og planlegger og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon.

En revisjon innebærer utførelse av handlinger for å innhente revisjonsbevis for beløpene og opplysningene i årsregnskapet. De valgte handlingene avhenger av revisors skjønn, herunder vurderingen av risikoene for at årsregnskapet inneholder vesentlig feilinformasjon, enten det skyldes misligheter eller feil. Ved en slik risikovurdering tar revisor hensyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapets utarbeidelse av et årsregnskap som gir et rettviseende bilde. Formålet er å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av selskapets interne kontroll. En revisjon omfatter også en vurdering av om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimaterne utarbeidet av ledelsen er rimelige, samt en vurdering av den samlede presentasjonen av årsregnskapet.

Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Etter vår mening er årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettviseende bilde av den finansielle stillingen til Odda Vegfinans AS per 31. desember 2013 og av resultater for regnskapsåret som ble avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

Uttalelse om øvrige forhold

Konklusjon om årsberetningen

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet, forutsetningen om fortsatt drift og forslaget til dekning av tap er konsistente med årsregnskapet og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av selskapets regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Odda, 4. februar 2014

Odda Revisjon AS

Nils Magnus Berge
Statsautorisert revisor